

# "FENGSELSFUGLEN"

Av Torhild Moen

Ill.: Kari Sortland



Denne boka handlar om å ha ein rusmisbrukar og fengselsfugl til far. Det er Oscar, 9 år, som fortel. Lesaren får innblikk i tankar og kjensler som er innestengt i ein gut og som stel konsentrasjonen hans og fører til kroppslege reaksjonar som sengevæting.

Det kjem til eit punkt då alt det leie må ut til skole og venner. I denne boka er det starten på ei eventuell løysing. Slutten er åpen, sjølv om det er lett å dikta vidare til ei meir håpefull framtid der også faren er positivt med.

Dette er ei bok til barn i skulealder og som passar i bestemte situasjonar. Bilda er store, klare og uttrykksfulle, så boka passar godt til høgtlesing for ei gruppe barn. Samtale før, undervegs og etterpå er nødvendig og nyttig.

Det er enkelt å føla med Oscar. Boka set nok i sving tankar hjå tilhøyrarane og kan godt brukast som innleiing til emne som mobbing, utestenging og kan visa kor urettferdig det er å dømma noen for ting dei ikkje har skuld i. Dette er ei varm og realistisk bok om eit vanskeleg emne. Ei bok til å få forstand av.

Ruth Anita Kjellingland